



**Marit og Oskar Langballe restaurerer den gamle skytja på Skorpo.
Skytje er det lokale uttrykket for eit vedhus.
Skytja hos Langballe er av dei største vedhus vi finn i Kvinnherad.**

Lemen vart nytta til turkeloft og lenge var panelen i brystingen open, laga som eit spjeld.

Dette vart gjort for å få eit luftig loft.
I same bygget var det to utedoar, ein einsetar og ein med to sete.
No vert skytja restaurert og forsterka.
All panel er fornya, ramma er ny og det er sett inn nye og tettare peilar.

Det er eit staseleg bygg i det gamle tunet.
Det er eit stort og verdfullt arbeid som vert gjort med å ta vare på
noko av bygningsmassen på Skorpo.
Det gamle eldhuset er alt restaurert.

Bilete og tekst: Kristian Olav Bringedal